

Adressat

Varsel om oppstart av planarbeid i Sunndal kommune:

PlanID 20240110, detaljregulering for Mongstukvartalet på Sunndalsøra.

Med heimel i plan- og bygningslova §12-8, varslar vi oppstart av arbeidet med å endre eksisterande detaljregulering for leilegheitsbygg i Mongstukvartalet på Sunndalsøra. 3Dsmia ved Åse Bergset skal utarbeide planen på vegne av Mongstu Eigedom AS som er tiltakshavar. Førebelts planareal er på 5 900 m², og er vist på figuren under mellom Auragata, Mongstugata og Jonas Reins gate.



Planområdet på Sunndalsøra



Mongstukvartalet på Sunndalsøra

Gjeldande plan for Mongstukvartalet (20220200) skal i hovudsak vidareførast. Men Mongstu Eigedom AS ønskjer å bygge leilegheitsbygget utan parkeringskjellar under grunnen, og dette medfører rokeringar av arealbruken mellom etasjane i leilegheitsbygga, og m.a. nye løysingar for avkøyrslar til tomta.

Mongstu Eigedom AS ønskete først å få aksept for at planen kunne endrast etter forenkla prosess (jf. plan og bygningslova § 12-14, 2. ledd), og utarbeidde eit utkast til søknad, og gjennomførte eit dialogmøte med Sunndal kommune 04. januar 2024. Møtedeltakarane konkluderte med at planen måtte gjennom ein ordinær reguleringsplanprosess. Men kommunen aksepterte at dialogmøtet kunne reknast som oppstartsmøte, og at søknaden om planendring omtalar intensjonane med prosessen, og kan erstatte planinitiativet.


Søknaden (/»planinitiativ») med meir detaljert omtale av planlagde endringar i planen, og referat frå møtet finn du på <https://www.sunndal.kommune.no/toppmeny/kunngjoring-horing/>

Dette skrivet blir sendt til aktuelle offentlege etatar, grunneigarar på naboeigedomar og relevante lag/foreiningar. I tillegg vil oppstart av planarbeidet bli annonsert i Aura Avis og altså på Sunndal kommune sin heimeside. Der kan du også finne oversikt over kven som er varsle.

Spørsmål eller innspel til planarbeidet kan rettast til Åse Bergset på e-post: post@3dsmia.no. **Frist for å kome med innspel til arbeidet med planen er 30. januar 2024.**

Valsøybotn, 05. januar 2024

Med venleg helsing,



Åse Bergset

3Dsmia